

Nærare forklaring for bakgrunn av namna

Områdeadresser:

- Sauholmen** Namnet kjem frå holmen med same namn der ein no ønskjer å adressere. Sauholmen er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte.
- Ånesvika** Namnet kjem frå vika med same namn der Nullmeteroverhavet-hytta er plassert. Ånesvika er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte.
- Duøyna** Namnet kjem frå holmen med same namn der Nullmeteroverhavet-hytta er plassert. Duøyna er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte.
- Rambogen** Namnet kjem frå vika nedanfor der dagsturhytta er plassert. Rambogen er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjent og prioritert skrivemåte.
- Veten** Namnet kjem frå fjellet med same namn der dagsturhytta er plassert. Veten er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som vedteken skrivemåte.
- Foldnesmarka eller Smalestien** Namnet Foldnesmarka er sett saman av gardsnamnet Foldnes og marka kjem frå at det er utmarka på Foldnes. Smalestien er funne i utskiftingskart frå 1921, og lokalisert nedanfor der vasstårnet ligg i dag. Verken Foldnesmarka eller Smalestien er å finna i Sentralt stadnamnregister (SSR) eller i stadnamnsamlinga Hordanamn.
- Vegen mellom Foldnes og Hjelteryggen vert kalla for Kyrkjevegen, men dette er ikkje eit offisielt vegadressenamn. Namneutvalet kan ikkje føreslå dette namnet vidare i ei offisiell adressenamnsak. Dette er fordi det allereie finst ei offisiell adresse; Kyrkjevegen, ein annan stad i kommunen, i Klokkarvik. Kartverket slår fast at: «*Navn på veger, gater og områder skal være entydige innenfor kommunen. Det betyr at en ikke skal ha flere like adressenavn i samme kommune*». På bakgrunn av dette, vel vi i denne omgang å tildele områdeadresse i staden for vegadresse. Pr i dag er veggen stengt for ordinære kjøretøy, men er ein fin turveg.

Vegadresser:

- Tibben** Tibben er namnet på ein ås og som står oppført i kartet nedanfor der som veggen endar. Reguleringsplanen er også mynta på dette stadnamnet. Tibben er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjent og prioritert skrivemåte.
- Ågotneskroken** Det er få kjende stadnamn i området, så det er naturleg å spele på formasjonen på veggen. Vegparsellen er kort, og krocket. I tillegg er det ikkje nokon vegparsell i kommunen som inneheld Ågotnes. Namnet er ikkje oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) eller stadnamnsamlinga Hordanamn.

Kjøpmannsvågen Namnet kjem frå vika med same namn der vegparsellen endar. Kjøpmannsvågen er oppført i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjent og prioritert skrivemåte.

Ingjerebrekka Ingjerebrekka er eit godt alternativ til namn på vegen, i og med at ein langs vegen passerer Ingjerstova og Ingjerfloren som står oppført som namn på stader i stadnamnsamlinga Hordanamn. Vegen har ei relativt sterk stigning og det passar difor med -brekka i etterlekka. Brekka som skrivemåte samsvarar og med andre adressenamn i området, jf. Helgebrekka og Vikabrekka. Sjølv om kommunen endra namn frå Ingjervegen til Losemyrvegen i samband med kommunesamanslåinga i 2020, skil Ingjerebrekka seg tilstrekkeleg frå Inngjerdsvegen, som er ein annan stad i kommunen. Kommunen har nyleg hatt dette oppe hos Språkrådet, og fått stadfesta dette. Ingjerebrekka er ikkje oppført som stadnamn i Sentralt stadnamnregister (SSR) eller i stadnamnsamlinga Hordanamn.